

## **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021**

**Marie Hauge (MDG)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hennar direktør sit i referansegruppa til Havbyen Bergen. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

**Tom Hiis Bergh (V)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han begynner i ny jobb i juni i næringsseksjonen i Bergen kommune. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var habil til å delta i sakshandsaminga.

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022.